

Referat

Møte 2-2016 i kommunalsjefgruppa for helse og omsorg, 17.februar

Tid:	17.februar 2016
Stad:	Møterom Regionrådet
Til stades:	Olav Mongstad, Leni Dale, Johan Sandal, Helge Kvam, Oddvin Neset Grete Herøy, Mette Fauskanger, Elin Eikemo(vara for Helga) og Anne Hildegunn Færøy
Ikkje møtt:	Ingebjørg Søreide, Helga Ellingsen
Møteleiar:	Johan Sandal
Referat:	Anne Hildegunn Færøy

Nr.	Sak	Ansvar/ tid
09/16	<p>Innkalling og saksliste - godkjent utan merknader.</p> <p>Referat for Møte 1-2016, 22.januar - godkjent med denne merknaden; - siste setning i sak 04/16 er noko mangelfull Dette vert retta og referatet blir sendt ut på nytt.</p>	Alle
10/16	<p>Handlingsplan/saksgang og samspill med nettverka.</p> <p>Oversikt over utval og råd innan helse og omsorg viser ein kompleks struktur med samarbeidsfora mellom kommunane og med helseføretaket. Det er utfordrande å ha oversikta og forstå styringslinene i mellom nivåa.</p> <p>Gruppa ser at det er viktig å tydeleggjere styringslinene og teikna kartet som synleggjer dette.</p> <p>Kommunalsjefgruppa drøfta eigen funksjon og rolle i strukturen, og det vart peika på at dette er eit samarbeidsfora som kan drøfta utfordringar innanfor eiga styringsline og bringe saker inn mot rådmannsutvalet og Regionrådet. Det vart også peika på at det er viktig å involvere fagråda og sikre samarbeid med dei.</p> <p>Det er semje om at gruppa bør rette mindre fokus mot råd/utval som arbeider innan for andre strukturar, og heller rette fokus mot eigen handlingsplan og oppfølging av tiltak som er definert i den. Samtidig ser ein at det kan vere enkelte saker som vert handsama i t.d Samarbeidsutvalet som det kan vere nyttig å drøfta i denne gruppa .</p> <p>På oppdrag frå RU utarbeidde Anne Hildegunn i 2014 ei oversikt som viser kva råd og utval som finnes innan helse og omsorgsfeltet i Nordhordland. Det vert no arbeidd med å oppdatere denne.</p> <p>Det har vert utfordrande å få alle grupper til å fungere. Dette kan vere på grunn av at dei ulike fagråda/nettverke er samansett av representantar frå ulike nivå i kommunane.</p> <p>Ein ser at det er viktig å tydeleggjere kva oppgåver eit fagråd/nettverk skal ha og kva hensikta med slike møtefora er. Det er viktig p tydeleggjere kva som er nyttig for regionen og kva som er nyttig for den enkelte kommune i samarbeidet.</p> <p><u>Konklusjon:</u> Behov for gjennomgang og oppdatering av interkommunale fagråd og nettverk, samt ein gjennomgang og evaluering av mandat. Behov for å sjå på samansettinga av ulike råd og utval.</p> <p>Oversikta som er laga over råd og utval vert å senda til kvar av kommunalsjefane som ta ein gjennomgang og oppdaterer med kven som skal med i dei ulike gruppene.</p> <p>Når det gjeld gjennomgang og evaluering av mandat, så må gruppa vurdere prosess for dette i eit seinare møte.</p>	Alle

11/16	<p>Orientering frå IKT NH v/Thomas Rønn Aar</p> <p>1. GDPR - General Data Protection Regulation trer i kraft frå mars 2016 . Dette er ein overnasjonal lov som vil erstatte Personopplysningsloven (POL), med ei overgangstid på 2 år. Slik det ser ut no, så vil dette få konsekvensar når det gjeld lagring av sensitive pasientopplysningar og pasientens rettigheter til tilgang til egne opplysningar. Det vert også endra krav til leverandører av system og krav til personvernombod i kommunane. PP som viser meir detaljar om endringane er vedlagt referat. IKT NH vurderer no kva grep som må takast for å etterfølgje krav i loven.</p> <p>2. Sikkerheitskurs – E-læring Felles e-læringsportal for kommunane blir gjort tilgjengeleg rett over påske. Her er t.d e-læringskurs for <i>Norm for informasjonstryggleik</i> gjort tilgjengeleg. Dette er noko som det kjem krav om og som kommunane kan få tilsyn på at alle tilsette er kjent med. På e-læringsportalen er det også mulig å ta kurs i bruk av Office-program Vidare vert det orinetert om at det muligens blir tatt i bruk kortlesarar og personlege kort for pålogging til PC og datasystem i kommunane. Dette kan vere klart ila 3.kvartal i 2016. Det er tenkt at dette skal takast i bruk i heile kommunen. Dette er orientert om og forankra i Rådmannsutvalet. CosDoc blir oppdatert til å bruke nettbrett - IKT NH sender ut melding til aktuelle kommunar om ordninga.</p> <p>3. Sikkerheit - Policy og rutinar blir sendt ut til kommunane. Blir gjort tilgjengeleg rett over påske. Dette blir lagt ut på nettesida til IKT NH. Kan vere lurt å legge link til dette i KF-kvalitet. Viktig å sikre at endringar og felles satsing vert forankra på leiarnivå. <u>Konklusjon:</u> Gjennom orienteringa som er gitt i dette ser IKT sjef det slik at Kommunalsjefane innan helse og omsorg er orientert om mulige endringar i Personopplysningsloven. PP som viser framtidige endringar er lagt ved referat.</p>	
12/16	<p>Gjennomgang av saker som skal til handsaming i Samarbeidsutvalet for Nordhordland 22.02.2016.</p> <p>Saksliste med saksdokument var sendt ut i forkant av møtet. Saker som vart drøfta: Sak 10/16 Elektroniske meldingar – Rus- og Psykisk helse. - Kommunalsjefgruppa tilrår at retningslinene vert godkjent slik dei føreligg.</p> <p>Sak 08/16 Melding og handtering av avvik. - Kommunalsjefgruppa meiner at det er behov for ein gjennomgang av systemet og at det vert sett på korleis avvik vert regissert og meldt, og korleis dei vert behandla hos mottakar. Kan vere nyttig med eit felles løft for å få kunnskap om melding og handtering av avvik. - det vert meldt om at kommunar melder avvik, men i liten grad mottar melding om at det er mottatt og/eller er handtert i sjukehuset. Dette kan føre til at det i liten eller mindre grad blir registrert og meldt inn avvik sjølv om det burde vert gjorde i fleire tilfelle.</p> <p>Sak 14/16 Behov for revisjon av Tenesteavtale 3-5 somatikk. Bergen kommune har meldt et ønske om revisjon av tjenesteavtale 3-5 somatikk. Denne saka bør sjåast i samanheng med gjennomgang av registrerte avvik. Kommunalsjefgruppa ser at det er behov for ein gjennomgang av tenesteavtale 3-5, og at det vert vurdert om det er behov for å gjere endringar i avtalen. Det er behov for å vurdere om det er etterleving av avtalen som er eit problem og i mindre grad innhaldet i den.</p>	Alle

13/16	<p>Oppfølging av sak 04/16 - psykisk helse og rus</p> <p>Anne Hildegunn Færøy har snakka med Anne Jorunn Lunde, psykolog i Masfjorden og drøfta forslag om å søkja Skjønsmidlar til å setja av ressurs som kan koordinera og evt leia arbeid med å vurdera og evt. etablere samarbeidsteam og ØHD senger innan psykisk helse og rus. Samarbeid mellom kommunane og med Helse Bergen må vurderast for kvar av tiltaka.</p> <p>Anne Hildegunn har også vert i møte med Fagrådet for psyk.helse og rus, som er positiv til å søkja slike midlar slik at kommunane kan setje av ressurs og stå i førarsete for eit slik arbeid. Fagrådet har utpeika Dag Haarklau til å utarbeida ein søknad. Han gjer dette i samarbeid med legevaktsjef, utvalde i fagrådet, samh.koordinatør i NUI og i dialog med Bjørgvin DPS avd.Knarvik.</p> <p>Søknadsfrist er sett til 11.mars.</p>	AHF/HE
14/16	<p>Eventuelt</p> <p><u>1. Orienteringssak v/Johan Sandal</u></p> <p>Johan sluttar i sin stilling som kommunalsjef for helse og omsorg i Radøy, og vil med dette tre ut av denne gruppa. Det inneber at komm.sjefgruppa må velja ny leiar.</p> <p>Gruppa takkar Johan for den jobben han har gjort som leiar for gruppa og ynskjer han lykke til med nye oppgåver.</p> <p>Val av ny leiar vert sak på neste møte</p> <p>Gruppa er samd i at;</p> <p>- alle skal bidra med saker som skal inn på sakslista til neste møte.</p> <p><u>2. Ny kommunalsjef for helse og omsorg i Lindås kommune: Leni Dale</u></p>	
	<p>Status/oppfølging</p>	
	<p>Møteplan 2016</p> <p>Møte 3 - 2016, 6.april</p> <p>Møte 4 - 2016, 25.mai m/Adm. nemnd legevakt</p> <p>Møte 5 - 2016, 17.juni</p> <p>Møte 6 - 2016, 02.september m/Adm. nemnd legevakt</p> <p>Møte 7 - 2016, 14.oktober</p> <p>Møte 8 - 2016, 11.november m/Adm. nemnd legevakt</p> <p>Møte 9 - 2016, 02.desember</p>	AHF